

Nr 2 - 2022

Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget



møte:plassen

Familien
English i
Tsjekkia -
ein innsats
for Ukraina
side 6 - 7

Nye på
Undheim
side 8

Mellem-
strand-
stemne
side 12 - 13

UKUF
side 14, 16 og 17



VÅREN ER HER

Sola varmar og graset spirer. Løkane, som lenge har lege i dvale, har vakna til liv. Fram veks det blomar i alle slags fargar og fasongar. Dette er jammen mi favorittårstid! Det å få setja seg ut i sola og høyra på fuglane som kvitrap, få ta seg ein kopp kaffi og berre nyta ein stille augneblikk før dagen startar - lite slår den følelsen. Då kjenner eg ofte på ei stor takknemlegheit for at me har det så godt her i dette frie landet vårt. Me har så mykje å takka for!

For nokre veker sidan feira me påske. Me feira at Jesus vart hengt på eit kors for våre synder. Han døydde der på korset, men Han stod opp igjen! Og Han lever i dag!

For Gud elskar verda så høgt at Han gav sin einaste son, for at kvar den som trur på Han ikkje skal gå fortapt, men få evig liv. For Gud sende ikkje Sonen sin til verda for å døma den, men for å redde alle menneske i verda. (Joh 3,16 – 17).

Etter påske kjem Kristi himmelfartsdag. Då feirar me at Jesus reiste heim til far sin for å lage klart for oss til den dag me skal få møtast igjen. Historia kunne ha stoppa der, men det gjer den heldigvis ikkje. Jesus ville ikkje at me skulle vera igjen her på jorda utan han. Så han sendte oss Den Heilage Ande, eller hjelparen som me ofte snakkar med ungane om. Tenk, me har ein hjelpar! Det er eg så takknemleg for. Ein som kan hjelpa oss her i livet. Dette livet som byr på så mange utfordringar og gjer oss så mange vanskelege val me må ta, både når me er

små, men og når me har blitt vaksne. Då er det godt å kunne ha ein ven som me kan be til og som kan hjelpa oss. Han kan leda oss gjennom ei indre stemme og me kan lære oss å kjenne igjen Hans stemme. Han veit kva som er best for oss.

Gud har gitt oss mange løfte om at Han er med oss.

«De skal få kraft når Den Heilage Ande kjem over dykk» (Apg 1,8)

«Sjå eg er med deg alle dagar, så lenge verda står» (Matt 28,20)

Med desse gode løfta om kraft frå ein Gud som er med oss alle dagar, kan me gå sommaren i møte med takknemlegheit, glede og forventning.

Må Gud velsigna deg!
Kwart minutt av di tid,
Kvar ein dag av ditt liv.
Må Gud velsigna deg!

Tone Vold
trusopplærar

møte:plassen

2 - 2022

17. årgang

UTGJEVAR:
Undheim sokneråd

REDAKTØR:
Steinar Sandvik
tlf. 400 07 909
LAYOUT:
Hanne Brit Sandmark

REDAKSJONEN:
Steinar Sandvik
Laila Undheim
Hanne Nordbrønd
Siv H. Undheim
Hanne Brit Sandmark

ADRESSE:
Møteplassen
Time kyrkjekontor
Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:
www.timekyrkja.no
www.undheimkyrkja.no

TRYKK:
Jærprint, Bryne
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD
KONTONR. 3290.57.20723
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Framsidefoto: Steinar Sandvik
Illustrasjonsfoto: Pixabay.com



Min sang

*In Christ alone my hope is found,
He is my light, my strength, my song;
This Cornerstone, this solid Ground,
Firm through the fiercest drought and storm.
What heights of love, what depths of peace,
When fears are stilled, when strivings cease!
My Comforter, my All in All,
Here in the love of Christ I stand.*

*In Christ alone! - who took on flesh,
Fullness of God in helpless babe!
This gift of love and righteousness,
Scorned by the ones He came to save:
Till on that cross as Jesus died,
The wrath of God was satisfied –
For every sin on Him was laid;
Here in the death of Christ I live.*

*There in the ground His body lay,
Light of the world by darkness slain:
Then bursting forth in glorious Day
Up from the grave He rose again!
And as He stands in victory
Sin's curse has lost its grip on me,
For I am His and He is mine –
Bought with the precious blood of Christ.*

*No guilt in life, no fear in death,
This is the power of Christ in me;
From life's first cry to final breath,
Jesus commands my destiny.
No power of hell, no scheme of man,
Can ever pluck me from His hand;
Till He returns or calls me home,
Here in the power of Christ I'll stand!*

T&M: Stuart Townend & Keith Getty
Kjelde: Songs of Fellowship



En gang for alle

Talet salmar med gode tekstar og flotte melodiar er høgt, og det kjem stadig fleire.

Det er mange norske salmar eg er glad i, men denne gongen har eg lyst til å nemna ei engelsk perle av ei salme. Teksten rører i meg

kvar gong, og eg blir minna på kor rik eg er gjennom det Gud har gjeve meg. Songen kan du høyra på Youtube og på Spotify om du vil.

Songen peiker på mykje av det Gud gjev oss og kva me allereie har fått. Den sterkeste setninga for meg er «I am His and He is mine». Eg høyrer til Gud med alt eg er. Det gjer meg så trygg som eg kan bli. Gud er min! Han er min Far. Det er ikkje snakk om ein fjern slektning som eg knapt har noko med å gjera.

Dei to versene i midten handlar om kor langt Gud strekte seg for å redda meg. Han ga seg sjølv og tok mi straff på seg. Eg trur ikkje det finst eit større bevis på botnlaus kjærleik. Nå står eg utan skyld, og kan møta døden med håp om at Jesus skal henta meg heim (v. 4).

Det første og det siste verset kan oppsummerast med at det er i Kristus åleine eg har håp. Han er min styrke, min frelsar, min song, mitt lys, min trøystar, min fred, mitt alt.

Nå er eg omgitt av Jesu kjærleik, og han er med meg frå mitt første rop då eg blei født til mitt siste andredrag. (v.1 og 4)

Frode Skårland

GILD 17. MAI-FEST MED GLADE BARN OG VAKSNE

Smilande barn og vaksne kunne igjen feire 17. mai på Undheim.

Tekst og foto: Steinar Sandvik

17.-maifeiringa starta som vanleg i kyrkja. Nesten ei fullsett kyrkje skapte ei flott ramme kring starten på grunnlovsdagen.

Her var det flaggborg med elevar frå 7. klasse, song av Supermix og korsang av DeKor. Gudstenesta var leia av vikarprest Roald Byberg. I talen peika Byberg mellom anna på kor viktig det er å takke, særleg på ein dag som denne.

Ved innleiinga av gudstenesta kom skulelvane inn med flagg og prosesjonskorset, og under heile gudstenesta stod dei på kvar side av kyrkjerommet med heiste flagg. Og det var 7.-klassingane



DeKor med leiar Kari Kaald Reiten leia korsangen.

som med heva flagg marsjerte ut først av kyrkja. Etter dei kom den store flokken som raskt stilte seg opp for å marsjere med musikk frå Jæren Show-blås langs hovudvegen til byggjefeltet og ut på vegen igjen før dei stilte seg opp i idrettshallen.

I hallen var det tale av dei to elevane, Lerke Tjåland og Pauline Tveiten frå 7. klasse.

Mykje folk var samla både i hallen og i området rundt idrettsanlegget.

Dette året vart 5. klasse kåra til beste innslag i 17.-toget.



Sanitetens markerte seg i 17. mai-toget med god oppslutning og ikkje minst ein mann, Nils Petter Arrestad, som flaggberar. Andre frå Sanitetens er f.v. Ingveig Seland, Ellen Sofie Egeland og Norin Salte Undheim.

Her er flaggborga på veg ut etter avslutta gudsteneste.

Glade songarar frå barnekoret Supermix.



Elevane frå 5. klasse vart kåra til beste gruppe i 17. mai-toget. Sondre Skårland går først med klasseskiltet. Vidare er det andre frå femteklassingane frå venstre Synne Haugen, Lillian Mossige, Hogne Norås, Sarah Mæhle-Kommedal, bak henne Sara Risa, vidare Matheus Leirvik ,Live Helland, Rose Marie Løyning Hadland, Martin Sikveland Søyland og Mathias Hafver.



Heim til Undheim for Judith og Sigmund Bjelland (t.v.). Dei andre på biletet er frå vestre Elvira, Arnfrid med Ola Johannes i fanget og til høgre far Johannes med Alfred, alle Bjelland frå Eikeland som feirer 17. mai på Undheim.



Brev fra familien English i Tsjekkia

Oversettelse: Laila Undheim

Samtidig med utgivelsen av Møteplassen før påske kom det brev fra familien English. Selv om det er ei tid tilbake tar vi allikevel med et utdrag av brevet her.

Det nye livet vårt startet for tre uker siden. Vi fikk en telefon om at 10 flyktninger fra Kharkiv kom til Ostrava den natten, og de hadde behov for overnatting. Vi sa selvfølgelig ja til å hjelpe. Nå bor det 15 personer i hjemmet vårt, og i tillegg har vi funnet bosted til 6 andre i menigheten vår i Ostrava. På søndag ble gudstjenesten holdt både på tsjekkisk og russisk.

Det er mye som er trist, og det har blitt mange tårer den siste tiden. Tenk deg at du hver dag våkner til at enda mer av byen din har blitt ødelagt, at Barneskolen er brent ned, at flere av vennene dine er på sykehus, og at ektefelle eller far fortsatt bor der. Slikt fører til mye engstelse, men også latter og tårer av lettelse.

Å dele hjemmet vårt med så mange mennesker har vært krevende, men det har også vært en velsignelse. I sist uke insisterte en gammel bestemor på å lage lunsj til meg da jeg hadde hjemmekontor.

ENDREDE ARBEIDSOPPGAVER

1. Nå deltar 10 ukrainske tenåringer i koret vårt.
2. Hanka lærer russisk, og er blitt veldig flink.
3. Terry jobber heltid med å koordinere hjelp i kirker og organisasjoner i Europa for å møte flyktningenes behov, både fysisk, åndelig og emosjonelt. Han er involvert i prosjekter og møter som var helt utenkelig for tre uker siden.
4. En dag kan vi få beskjed om at en eller flere familier vil ankomme neste dag, og da må vi mobilisere kirken vår til og hjelpe.
5. Vi har lansert en ny skole for Ukrainske studenter hvor Hanka er leder.

DEN NYE SKOLEN

Innen et døgn etter at vi ble kalt til å starte skole hadde vi fått lokaler. Skolen åpnet i forrige uke for 34 studenter, men mange flere står på venteliste. De fleste timene holdes på ukrainsk hvor kristne lærere, som også er flyktninger, underviser.

Det er også et stort fokus på tsjekkisk og engelsk språk slik at studentene lettere kan integreres i det tsjekkiske systemet. Skolen blir drevet av kirken vår, og i tillegg har vi blitt velsignet med at et par britiske kirker hjelper til med finansieringen. Et lokalt selskap har bidratt med møbler, og en stiftelse har tilbudt oss 25 bærbare datamaskiner. Det er fantastisk å se hvordan Gud åpner dører når vi går i lydighet til han. Vær så snill å be for Hanka. Hun gjør en fantastisk jobb ved å lede prosjektet. I tillegg har hun full jobb som lærer ved en annen skole, og samtidig skal hun ta vare på familien vår. Det er ikke lett!



ANDRE OPPGAVER

Vår lokale kirke gjør hva den kan for å hjelpe Ukraina. Vi har støttet vår samarbeidsmenighet i Lviv økonomisk. De er nå et sentralt transportknutepunkt for å hjelpe flykninger ut, og humanitære forsyninger inn i landet.

Sammen med andre kirker er vi vertskap for lørdagskafe. Vi prøver å skape rom hvor ukrainerne kan få nye venner. Et av våre kirkemedlemmer er midlertidig ansatt for blant anna å finne bolig, hjelpe til med møblering, og være bindeledd til tsjekkiske myndigheter. Allikevel føles det aldri som om vi gjør nok.

Daglig ankommer flere til byen vår, og vi innser at våre nye venner vil måtte være her i mange, mange måneder, hvis ikke år. Violetta, en av lærerne som bor hos oss nå, fortalte at intensjonen var alltid å vende hjem til Kharkiv, men som hun sa: «Nå skjønner jeg at det ikke er noe Kharkiv å vende tilbake til».

Dette en velsignelse å være en del av en organisasjon som har mobilisert så mange ressurser for å hjelpe Ukraina. I sist uke sendte vi 36 busser med 92 tonn mat, medisiner og ulike forsyninger. Maten som ble levert var nok til 245.000 måltider. Når bussene ankommer og maten er levert returnerer de fulle av flyktninger.

Vær snill å be for familien vår, kirken og flyktningene som vi hjelper. Tusen takk for bønn og støtte dette året, det betyr så mye for oss. Takk for at du er en del av det.

Guds velsignelse.
Terry, Hanka, Misa og Sammy English

Flere av de ukrainske ungdommene har blitt med i ungdomskoret. (Privat foto)



Undheims samarbeids-menighet i Ostrava i Tsjekkia har tatt imot mange ukrainske flyktninger som har flyktet fra krigen i hjemlandet. (Privat foto)



FRÅ VARHAUG TIL UNDHEIM

Tekst og foto: Siv Herikstad Undheim

Birte og Sven Auestad flytte inn på Torkelsholen ved Hellandsvegen i oktober 2020. Nokre månader etter fekk dei dottera Bente.

Familien bygde maskinhus med ei stor, flott leilegheit i den eine enden. Der har dei ei storslått utsikt, både oppover mot Knudaheio og utover Jæren.

Birte og Sven er begge frå Varhaug. Garden på Torkelsholen var i familien til Sven. Då han fekk moglegheita til å overta, så slo dei til på det. Det er bu og driveplikt på garden. Sven driv eige firma og samarbeider med far sin. Dei driv med graving og grøfting. Birte er lærar på Vigrestad.

Sven fortel at den gamle løa som stod på garden vart riven medan han gjekk på barneskulen. Og at heimehuset på Torkelsholen brann ned våren 2016.

TRIVST BRA

– Å flytte til ein ny stad under koronapandemien var litt vanskeleg. Det var lite som skjedde av aktivitetar og slikt, og dermed få møtestader til

å bli kjent med folk her på Undheim. Men då Bente vart fødd kom me med i ei barselgruppe, og det har vore gildt, seier Birte. Dei har også vore på babysong i kyrkja. Til hausten startar Bente i barnehagen på Undheim.

Birte og Sven seier dei trivest godt og har det bra på Torkelsholen. No har dei liksom landa. Dei synest det er godt å ha god plass rundt seg, og no held dei på å lage hage. Dei ser fram til å få det litt meir etablert rundt seg, så dei kan bruke uteområda meir.

KNYTTA TIL HEIMBYGDA

– Me er framleis engasjerte i arbeidet på misjonshuset på Varhaug, og har nok det meste av det sosiale livet vårt der. Det er jo ikkje langt til Varhaug, seier dei.

– Men me har fått inntrykk av at dei som bur her, trivst her. Me høyrer skrøyt av samhaldet i bygda, både i idrettslaget, på samfunnshuset og i kyrkja. Så me reknar med at me kjem til å engasjere oss meir i lokalmiljøet etter kvart, seier paret som har slått seg ned på Torkelsholen.



Birte og Sven Auestad saman med Bente har funne seg godt til rette på Torkelholmen på Undheim.

Nytt frå soknerådet og dagleg leiar

UNGDOMSARBEIDET

Eline Gregersen (f. Fosse) har sine siste veker hos oss på Undheim. Snart er ho på flyttefot til Østlandet. Ho har gjort mykje både for UKUF, Etter skuletid og Supermix den tida ho har vore hos oss. Eline er ei som går inn i oppgåvene med heile seg! Takk, Eline!

Undheim har vore heldige med at Mona Fosse har takka ja til å ta over etter Eline. Mona begynner for fullt i august. Me gler oss til å bli kjende med ho!

Asle Steinbru, som er leiar for «Ung i Time», har takka ja til å bli leiar for IMF Ung. I jobben hos oss stillinga har han hatt ansvar for oppfølging av ungdomsarbeidet både på Bryne, Lye og Undheim, og Undheim sokneråd har vore med og finansiert denne stillinga. Det har skjedd veldig mykje positivt med ungdomsarbeidet i dei tre sokna etter at Asle begynte i stillinga, så tusen takk for det du har gjort og den du har vore for ungdommane våre, Asle!

PREST

Det er ein del som lurer på kva som skjer i forhold til prest på Undheim. Det beste svaret er at det ikkje er nokon som veit korleis det kjem til å bli, og det må me leva med ei stund til. Me må rett og slett venta og sjå. Dette er ei veldig viktig sak både for kyrkja på Undheim og for soknerådet, så soknerådet er i kontakt med dei som er involverte i saka.

WEEKEND VAULALI 16.-18- SEPTEMBER



Du treng ikkje å gå i kyrkja kvar søndag for å vera med på weekenden vår i september, men det er fint om du er open for å bli kjend med oss!

Me vil laga eit opplegg som skal vera bra både for dei som har barn, dei som ikkje har barn og for dei som kjem åleine.

Kost, losji og vask av lokala etter oss er inkludert i prisen.

Gå inn på heimesida vår for å få meir informasjon. Program vil bli lagt ut her på heimesida når det er klart.

Ikkje vent lenger enn du treng med påmelding. Prisen stig frå og med 14. august.

Påmeldingsfrist: 28.08.

PINSE

Søndagens tekst, 2. pinsedag

Siste dagen i høgtida, den store festdagen, stod Jesus fram og ropa: «Den som tørstar, skal koma til meg og drikka. Den som trur på meg, frå hans indre skal det, som Skrifta seier, renna elvar med levande vatn. Dette sa han om Anden dei skulle få, dei som trudde på han. For endå var ikkje Anden komen, for Jesus var endå ikkje herleggjord.»

Johannes 7, 37-39

Hellige Ånd,
flyt gjennom livet mitt
som en mektig elv.

En elv med det levende vannet.

Du ser at jeg noen ganger
bare kan fåle en liten bekk.

Men om også det lille er fylt av liv, er jeg rik.
Foss, renn, sildre gjennom meg.

Frå diktsamlinga
Med tomme hender av Ulla Käll

STERKE BAND TIL UNDHEIM-BYGDA

I 1987 flytta Sveinung Undheim og familien frå Undheim til Risør. Framleis er han sterkt knytta til heimbygda.

Tekst og foto: Steinar Sandvik

No har Sveinung Undheim og ektefelle Laila frå Nærø busett seg i Kristiansand, nærmere bestemt Hånes. Her har dei saman med familien budd sidan 1995.

SØRLENDINGAR

Tre av dei fire barna har busett seg i Kristiansand, medan ein bur i Tønsberg.

– Det går i fire for oss, smiler Sveinung. – Vi har fire guitar, fire svigerdøtrer og fire barnebarn. Ein flokk vi set stor pris på.

I rekkehuset i Bringebærveien har dei funne seg svært godt til rette, ikkje berre i nabolaget, men også i Hånes frikirke der begge har hatt ulike

oppgåver. Sveinung har mellom anna vore med i eldsterådet i ei rekkje år. Som pensjonist har han trappa litt ned, men han er framleis aktiv i frikyrkja, mellom anna som veiledar.

PENSJONIST

– Det er utruleg godt å vere pensjonist, No blir det litt meir tid til familien, både med praktiske ting og ikkje minst saman med barnebarna. Men det vert også ein del oppdrag i frikyrkja som med stort og smått tel omlag 250 – ei kyrkje som har mange aktive familiar med barn.

Sveinung fortel at han har stor glede i opplegget med Frimat. Frå butikkar og matsentral får dei overskotsmat som kvar veke vert pakka og delt ut til trengande i byen.

– I arbeidet har vi eit godt fellesskap der vi også når ut til nye. Eg er nok meir ein evangelist enn ein pastortype, smiler Sveinung som også gler seg over faste turar saman med andre pensjonistar. Rundt i området er det utruleg mange turløyper som passar godt for oss.

GOD OPPVEKST


– Eg vaks opp i ein kristen heim. Far hadde gått på bibelskule i Bergen, men han engasjerte seg ikkje så mykje i arbeidet på Undheim. Men mor var aktiv i ulikt arbeid som søndagsskule, Kvite band, bibelgruppe og i kor. Sveinung fortel om ein far som var veldig engasjert i idrett, særleg fotball, som også andre enn eg i familien var. For min del spelte eg både fotball og volleyball.

– Eg er framleis fotballinteressert og følgjer godt med, smiler Sveinung og legg til at han også var aktiv i arbeidet på kapellet, alt frå søndagsskule til yngres og ungdomsforeininga. Konfirmasjonstida betydde også mykje for meg. Eg vart konfirmert etter den gamle ordninga, noko som var eit klart vitnesbyrd at eg ville vere ein kristen.

Sveinung trekkjer også fram kor viktig det var at Torleiv og Henny opna heimen for ungdommane – noko som betydde mykje for mange i bygda.

– Eg har vore kristen heile livet.

*Sveinung nyt livet på Sørlandet.
Her trivst han godt med meiningsfulle
oppgåver.*



Jesus har alltid vore viktig for meg. I ungdomstida hugsar eg godt Tora Fjermestad (Salte). Ho var eit førebilete for oss litt yngre, noko som betydde mykje for meg, seier Sveinung og innrømmer at han kunne vere litt sprellemann i ungdomsåra.

– Men eg var aldri i tvil kva eg trudde på. I så måte var året ved Birkeland folkehøgskule svært viktig for meg, eg vil seie skjelsettande.

VIKTIG TID

Tida i militæreret var ein viktig periode for Sveinung. Han gjorde teneste i Oslo og der trefte han ei jente frå Nærbø som gjekk på hjelpepleiarkulen.

Dei fann tonen med ein gong. Og i 1977 vart Laila Njærheim og Sveinung Undheim gifte. Før det hadde Sveinung gått i bakarlære hos Johs. Eide på Bryne med Oddvar Egeland som godt førebilete, men han vart ikkje bakar. I staden vart det Nærlandheimen og Vernepleiarutdanning.

FLYTTA HEIM

I 1980 bygde Laila og Sveinung hus i hagen til foreldra og flytta til Undheim.

– Eg hadde tidlegare vore litt kritisk til måten det kristne arbeidet på Undheim vart drive. Men vi har sterke og gode opplevingar frå Undheim-tida, fortel Sveinung og nemner husmøte, Bibel og Bønn, Oasehelg på Undheim og Oase i Stavanger. Men i 1987 braut dei opp, leigde ut huset og flytta til Risør med tre barn. Seinare vart barn nummer

fire fødd. Huset vart selt eit par år seinare.

– Kvifor hamna dokke i Risør.

– Eg hadde søkt jobb på Moi som avdelingsleiar og på eit dagsenter i Risør. Vi fekk god plass å bu i Risør og ikkje minst var det viktig med arbeid på dagtid, fortel Sveinung.

I 1995 var familien igjen på flyttefot, no til Kristiansand. Då tok Sveinung toårig utdanning i teologi ved Ansgarskolen.

UIO

Som pensjonist er det ikkje berre frikyrkja han engasjerer seg i.

Saman med familien var vi gjennom mange år på familieleir i regi av Ungdom i Oppdrag. Det betydde mykje for heile familien. No bruker eg ein dag i veka på Ungdom i Oppdrag ved Skjærgårdsheimen. Der får eg bruke bakarevnene mine og baker brødmat til dei som går på Disippeltrening-skulen der.

GOD KONTAKT

Familien blir nok verande på Sørlandet, men dei har framleis god kontakt med heimbygda på Jæren. Og Sveinung legg ikkje skul på at følgjer godt med kva som skjer i heimbygda. Og ekstra gildt er det å møte venner frå Undheim.



Årets konfirmantar i Undheim kyrkje. Biletet er frå konfirmasjonsdagen 1. mai. Frå venstre kateket Ingfrid Time Nærland, Tord Sikveland, Adrian Tunheim Mauland, Emilie Oyamo, Sem Josef Karlsen, Theodor Tjåland Liverud, Anne Risa, Lotte Årdal, Inger Eikeland, Helle Risa og prest Yngvar Nilsen. (Foto: Steinar Sandvik)

Misjonsstemne i 79 år



Ola Mellemstrand hugsar mange stemne på heimegarden. Når det var fint ver, samla folk seg på dette området. (Foto: Siv H. Undheim)

Mange på Undheim hugsar nok

Mellemstrandstemnet. Det var eit misjonsstemne som føregjekk på sommartid på garden til Ola og Liv Mellemstrand.

Tekst: Siv H. Undheim

Det starta opp etter at farfar til Ola hadde bygd nytt hus på garden i 1915. Då var det ein som sa til farfaren at han tykte dei skulle innvie og signe huset til eit Gudshus. Som sagt, så gjort. Året etter vart det første Mellemstrandstemnet arrangert.

MISJONSELSKAPET

Det var Det Norske Misjonsselskap (NMS) som arrangerte stemna. Som regel var det ein sundag i starten av juni, før slåtten på Mellemstrand. Ofte var det både ein misjonær og ein prest som var med som talarar. Mange gonger var det òg med eit kor. Stemna vart arrangert årleg, men det var utfordrande å få til under krigen. Derfor er Ola usikker på om det var stemne kvart år mellom 1940 – 1945.

SLAPPA AV I HØYET

Dersom det var godt vêr sat deltarane ute. Anten var dei i utmarka, eller dei sat i hagen. Dersom det var regn, brukte dei løa. Det måtte derfor ryddast og kostast kvart år før stemnet. Ola kan hugse eit år då dei var barn, og stemne føregjekk i løa. Han

og fleire andre ungar tykte nok ikkje talen var særleg interessant, så dei gjekk og la seg i høyet. Dei snakka nok litt for høgt då, for det fekk dei ikkje lov til fleire gonger, fortel Ola.

FRÅ HEILE JÆREN

Mor og far til Ola gifta seg i 1937 og flytta til Mellemstrand. Ola vil gje mora si mykje av æra for at stemna vart drivne så lenge som dei gjorde. Sjølv om det var NMS som arrangerte stemna, var det mykje praktisk som skulle gjerast på Mellemstrand for å få det til.

Det var mange folk som deltok på stemna, både frå Undheim, men òg bygdene rundt som Varhaug og Vigrestad. Ola fortel at det året han var i militæret fekk han brev om at det var 40 bilar og 80 til 100 personar på stemnet.

HUSMØTE

Det siste stemnet fann stad i 1995. Det året var Undheim ungdomskor med.

I tillegg til stemna hadde dei møteverksemd heime i huset på Mellemstrand. Fem – seks gonger i året, på kveldstid, kom det emissærar på besøk. Desse reiste rundt i heimane til folk og tala.

– Eg hugsar at mor stod i dagane før møtekvelden og laga på krotekaker og blautkaker, og smurde mat til alle som skulle kome. Dette gjorde ho kvar gong. Mor hadde mykje arbeid med dette. Det var viktig for henne, og ho la si ære i arbeidet, seier

han.

– Av og til kom det så mykje folk på møta at dei måtte ta i bruk loftet òg. Dei høyrde nok ikkje så mykje av talen, men mat skulle dei i alle fall få, sa mor, fortel Ola og smiler.

– Eg trur stemna og møta var viktige for mange. Det var eit godt fellesskap. Me på Mellemstrand tykte i alle fall det var veldig gildt med både stemna og møteverksemda, seier Ola.



Mellemstrand 2. juli 1967. Forsamlinga sit mellom steinane bortanfor husa.



I 1935 var det samla ein stor flokk til misjonsstemne på Mellemstrand.
(Privat foto)



Godt ver og mykje folk på Mellemstrand.
Her er to bilete frå stemne på 1980-talet.
(Privat foto)



Eline takker for rike år i UKUF

Eline kom i 2020 tilbake til Undheim etter to år i Trøndelag, det første året på bibelskole, det andre som miljøarbeider ved en kristen videregående skole.

Tekst: Hanne Nordbrønd

To år har gått siden Eline Gregersen, tidligere Fosse, startet som ungdomsarbeider i Undheim kyrkje.

- Mor kalte Undheim kyrkje mitt andre hjem da jeg var liten, og UKUF har betydd mye for meg i ungdommen, sier Eline med et smil.

KALL

- Det var ikke UKUF på Undheim i 2019/2020. Det andre året i Trøndelag kjente jeg et kall om å reise hjem for å starte opp UKUF igjen, forteller Eline.

- Jeg kom hjem med drømmer og ønsker for arbeidet, og er veldig glad for at så mange ungdommer ville bruke tilbudet. Det startet med rundt 10 ungdommer, men har nå tredoblet seg på to år. Det er helt fantastisk. Å få være med ungdommene, bli kjent med dem, og få dele evangeliet gir meg mye. Jeg brenner for dette arbeidet, sier Eline engasjert.

FLYTTER

5. februar i år giftet Eline seg med Jarle Sebastian, og i sommer skal de flytte til Skien sammen.

- Der har vi et gammelt hus vi holder på å pusse opp. Jarle skal arbeide og jeg har søkt på utdanning som barnevernspedagog i Porsgrunn. Så neste halvår blir blanding av studie- og oppussingskaos, forteller Eline og ler.

Eline og Jarle Sebastian Gregersen flytter til Skien.
Eline ønsker å fortsette arbeid med barn og unge.
(Privat foto)



- I Skien har vi vært innom en ung ny kirke som kaller seg Salt Skien. Der trives vi veldig godt og tror vi vil fortsette der når vi flytter. Jeg ønsker å sjekke ut hvilke arbeid de har med barn og unge i den kirken, og kanskje være med å starte opp noe nytt, forteller Eline.

STOR TAKK

- Jeg sitter igjen med en stor takknemlighet for at jeg har fått lov å bruke mine gaver i kirken på Undheim. Dette har gitt meg lyst til å fortsette å arbeide med barn og ungdom, og å dele evangeliet, sier Eline.

- Jeg håper at ungdommene på Undheim etter hvert vil lage et ungdomsstyre, og bidra til å drive UKUF videre sammen med Mona Fosse som tar over som ungdomsarbeider etter meg.

- Gud har kontrollen, og jeg har ikke vært redd for at UKUF ikke skal få ny ungdomsarbeider til høsten.

- Nå gleder jeg meg over at Mona skal ta over arbeidet med ungdommene på Undheim, avslutter Eline.

Eit lite livsteikn

Det har no gått eitt år sidan eg sist hadde ei helsing i Møteplassen. Lite visste eg då om kor krevjande det året som låg føre meg ville bli. Eg har lagt bak meg eit år som sjukmeldt, og er for tida på Arbeidsavklaringspengar frå NAV, medan eg stadig er under utprøving av forebyggande medisin mot migrrene.

Eg trur eg kan seie at eg har vært gjennom mitt hardaste og mørkaste år. Den vegen eg har måttå gå, for å verte godkjent for nye, dyre migrenemedisin, har vore både tung og lang. Men 1. oktober var eg klar til å starte med denne behandlinga. Det var med spenning og nytte mot eg gjekk i gang. Skuffelsen var derfor stor då eg hadde liten verknad av sprøyten. Men eg visste at det var mogleg å doble dosen for å få betre effekt. Dette vart gjort i slutten av januar 2022 og februar var den beste månaden eg har hatt på nesten to år, med berre 5 dagar med migrrene.

Endeleg kjente eg at det lysna og at det kanskje var håp om betre dagar. Det er derfor tungt når eg no i mars, april og mai opplever at det berre var eit lite blaff i februar. For sidan august i fjor har eg, med unntak av februar, hatt migrrene frå 12-16 dagar i månaden.

Det slit på kroppen å ha så mykje migrene og eg er stadig på veg inn i, eller på veg ut av, eit migreneanfall. Kroppen er rimeleg utkøyrt og eg har meir enn nok med å ta vare på meg sjølv no. Eg står på mange måtar i stampe, for to gonger har timen min hos nevrolog blitt utsett på grunn av sjukdom hos nevrolog. Det gjer at eg ikkje kjem vidare i å prøve ut nye behandlingsformer.

Men oppi alt så finn eg stor glede i at det no er vår og me går mot sommar. Eg nyt å sjå at det spirer og gror, og gler meg over å jobbe i hagen på gode dagar. Eg er av dei som vaknar ekstra til liv i den lyse tida av året, og det er godt å kjenne sol og varme. I tillegg gler eg meg stort over å få vera bestemor til 3 barnebarn i nabohuset. Minstemann vart fødd i oktober og han har vore ei god trøyst på tunge dagar denne vinteren.

Eg må vera ærleg å seie at eg ser ikkje Guds veg i dette med migrenen. Eg opplever at eg er «satt på

sidelinja» utan å forstå kvifor eg skal vera her. For dagar, veker og månadar går utan at noko skjer og vegen vidare er like usikker no som den var for eit år sidan. Men eg er sett av Gud, min Himmelske Far, uansett korleis mine dagar er.

«Du er ein Gud som ser meg», sa Hagar, då ho fortvila hadde rømd ut i ørkenen (1.Mos 16.13).

Og Josva fekk dette løftet: «Eg har då sagt deg: Ver modig og sterkt! Lat deg ikkje skremma, og mist ikkje motet. For Herren din Gud er med deg overalt der du går». (Josva 1,9).

Eg har så lyst til å seie eit stort TAKK! Tusen takk til alle de på Undheim som ber for meg. Eg veit at mange av dykk ber for meg kvar dag. Eg er så uendeleg takknemleg for det. Eg kjenner at eg er boren i bøn og det held meg oppe.

Ynskjer dykk alle ein fin sommar!

Helsing frå
May Brit prest



Ungdom setter sitt håndtrykk

Tekst og foto:
Hanne Nordbrønd



«Etter skoletid» er et tilbud for 7. klasse i kirkekjelleren på torsdager. Kjelleren er åpen fra kl. 14.30 til kl. 16.30. Ungdomsarbeider Eline Gregersen er pådriver for tilbuddet, og har med seg Beate Rasmussen som frivillig leder.

– Dette er et tilbud slik at 7. klasse kan bli kjent med kirken før de starter på ungdomsskolen og er store nok til å være med i ungdomsarbeidet, forteller Eline.

- Jeg startet opp arbeidet i januar med en flott 7. klasse-gjeng. De er inkluderende, åpne og enkle å snakke med.

– Når ungdommene kommer etter skolen, har vi et lite måltid sammen. Vi prøver å variere måltidene litt, og noen ganger har vi åpent i kiosken. Etter maten kan de gjøre hva de

vil.
De fleste velger å spille Nintendo switch, Mario cart, Just dance eller Mario party. Men de har også tilgang til bordtennis, biljard, airhockey og brettspill. Jeg har kjøpt inn kubb, boccia og krokkett som de kan bruke utenfor kirken, forteller Eline.

De har et rom i kirkekjelleren som disse ungdommene nettopp har malt. Ungdommene valgte å male rommet i to farger, og på den ene veggen har de pyntet med hvite håndavtrykk. Inne på dette rommet skal de også få ny sofa som de bruker når de spiller tv-spill sammen.

– Dette tilbuddet har vært populært for 7. klasse dette halvåret, og tilbuddet er i første omgang åpent frem til sommeren 2022. Hva høsten bringer vil tiden vise, sier Eline.



Full aktivitet etter skoletid. Fra venstre Oda Sikveland, Miriam Vigrestad og Jofrid Berge.
Lengre opp er fra venstre Lerke Tjåland, Pauline Tveiten og Mikal Marinius Aardal.

Her setter Miriam Vigrestad sitt håndtrykk på veggen i ungdommens eget rom.



Døpte i Undheimkyrkja

10. april



Thea Maria Alasevicius

5. mai



Hølje Egeland



Bo Hadland



Millan Haugvaldstad



Loyd Egeland

GUDSTENESTER KL. 10.30

- 12. juni - Kyrkjelydstur
- 26. juni - Gudsteneste
- 3. juli - Time kyrkje
- 10. juli - Bryne kyrkje
- 17. juli - Time kyrkje
- 24. juli - Bryne kyrkje
- 31. juli - Undheim
- 21. august
- 4. september
- 18. september

VI SAMLES TIL DÅP I DIN KIRKE PÅ JORD
NORSK SALMEBOK 588 VERS 4

SÅ LED OSS, O GUD,
VED DIN HELLIGE ÅND,
SOM BARN AV DITT
HIMMELSKE RIKE! JA,
STYR DU VÅRT LIV MED
DIN MEKTIGE HÅND OG
LA OSS FÅ BLI I DIN NÅDE.



Utleige til konfirmasjonsfest 2023

Det vert konfirmasjon søndag
14. mai 2023

i Undheim kyrkje kl. 10.30.
Foreldre med konfirmantar
frå Undheim kan søkje om
å leige kyrkjekjellaren til
konfirmasjonsfest neste år,
altså søndag 14. mai.

Ta kontakt med Torvald Tjåland,
tlf. 913 59 619, eller e-post:
einarmalenius@gmail.com

Fristen for å søkje er: 1. august.

I løpet av ei veke etter
fristen, vert det føreteke
loddtrekning om kven
som får leige.

KONTAKTINFO:

Prest: Roald Byberg	400 38 028
Leiar sokneråd: Hanne Brit Sandmark	996 26 157
Leiar kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårlund	489 97 102
Ungdomsarbeidar: Eline Fosse	454 83 455
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantarbeidet: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon: Praxedes Slettebø	980 28 690

BARNAS

Labyrint



Hjelp Kaptein Klo å finne skatten!



Finn fem feil!

Her fortel Jesus ein historie til folket. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?


Teikning: Asbjørn Tønnesen



Vits

– Kor kjem dei våte fotspora på teppet frå?
– Eg veit ikkje. Dei har følgd etter meg heilt sidan eg hoppa i den sôlepytten.

Prikk til prikk



Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mogleg!

		<p>Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no</p>
		
<p>Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim</p>	 <p>SOL INSPIRASJON <i>Dikt og oppmuntringer</i></p>	<p>UNDHEIM HANDELSLAG</p> <p></p> <p>undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670</p>
	 <p>NILS REIME MASKIN GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Takodal, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 49 11 • Fax: 51 48 60 64 • Mob: 971 59 400</p>	 <p>Sjekk  Punkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no</p>
	 <p>JKE Transport JAN KARSTEN EGELAND TRANSPORTAS</p>	 <p>Byggmester Ståle N. Sikveland</p>
	 <p>Høiland & Tveit BetonEntreprenør</p>	 <p>SpareBank 1 SR-BANK</p>
 <p>Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no</p>	 <p>Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no</p>	 <p>NOVA BEGRAVELSESBYRÅ</p>
 <p>Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10</p>	 <p>Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN</p>	 <p>Bryne Rør AS</p>